

# VEDTEKTER

## for

### HAREID FASTLANDSAMBAND AS

Skipingsmøtet 21.3.1986

Endra i Generalforsamling 11.5.1988, 27.6.2000, 22.6.2006, 15.10.2010, 1.12.2010, 10.5.2011  
og 4.6.2012.

- §1 Selskapet sitt namn er: HAREID FASTLANDSAMBAND AS.
- §2 Selskapet si forretningsadresse skal vere i Hareid kommune.
- §3 Selskapet sitt føremål er å arbeide for realisering av planar om fast vegsamband mellom Hareid og Sula og mellom Sula og Ålesund.  
Selskapet vil kunne gå inn i eller samarbeide med andre vegsamband og/eller selskap som er tenlege og av felles interesse for eigarane.
- §4 Aksjekapitalen er NOK 7 587 000,- fordelt på 7 587 aksjar á NOK 1.000,-. I Generalforsamling har kvar aksje 1-ei-røyst.
- §5 Overdraging av aksjar skal vere avgrensa og må for å vere gyldig meldast til styret og godkjennast av styret.
- §6 Selskapet sitt styre skal ha 5 til 7 medlemmer og like mange personlege varamedlemmer alle valde for 2 år om gongen.  
Ved likt stemmetal har styreleiar dobbeltrøyst.  
Styret konstituerer seg sjølv.  
Leiaren og varaleiaren i fellesskap teiknar selskapsfirmaet.  
Styret kan tildele prokura.
- §7 Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.  
Generalforsamlinga skal behandle:  
A. Fastsetting av resultatrekneskap og balanse.  
B. Disponering av overskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balansen.  
C. Val av styre.  
D. Val av valkomité.  
E. Andre saker som etter aksjelova skal handsamast av Generalforsamlinga.
- Innkalling og dagsorden til generalforsamling blir sendt til aksjonærane med minst ei -1- veke varsel.
- § 8 Valkomitéen består av 3 personar, og vert vald for eit år på generalforsamlinga.  
Valkomitéen konstituerer seg sjølv og vel sjølv sin leiar. Generalforsamlinga fastsett eventuell godtgjersle til valkomitéen. Valkomiteen si oppgåve er å fremje innstilling på kandidatar til styre, revisor og valkomité. Valkomitéen foreslår også storleiken på eventuell godtgjersle for styret og revisor.  
Valkomitéen grunngjer sin innstilling munnleg for generalforsamlinga.